



Laurdag 20. juni er det klart for ny Bøkkerveld, den 18. i rekkja, og arrangøren inviterar dei besøkjande til å komma sjøvegen. Det skaper ein fin atmosfære med nye og gamle båtar til kai, held Kristian Olav Bringedal fram og syner oss eit fotografisk døme på det. Det er god plass ved bøkkerkaien.

Ellers er Kjell Borge Olsen framleis primus motor for å finna fram til og henta inn dei beste jazzmusikarane i Hordaland.

Dei kjem hit år etter år og set ein spiss på den gilde kystkulturkvelden i sjøbua. Menyen er sjølv sagt også i år lubbesild og poteta med skalet på. Kåsøren vert kunngjort seinare. Påmeldinga kan skje til Bringedal på mobil 915 31 487.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Olav Bringedal